



Denne helga er det Andrea-helg på Dønhaug! Det nordiske fyrverkeriet er på rundtur i Noreg for fjerde året på rad og sviktar ikkje Uskedalen og Dønhaug denne gongen heller.

Det blir konsert i kjedlaren både laurdag og sundag. Her likar Andrea Rice atmosfæra, som minnar henne om den i ein irsk pub.

Vi har før karakterisert henne som ein sikker Dønhaug-vinnar.  
Blir det to fulle hus også denne gongen?

Også denne gongen har ho sjølvsagt med seg ektemannen Fee Dobbin medan tredjemannen er Mark Haddock.

Kvifor har så Andrea Rice så stor suksess i Noreg og Uskedalen?

Ei forklåring er at musikken ho formidlar kjem rett frå folkesjela og verkar ur-ekte.

Det har ein i høgste grad ei kjensle av når Andrea syng, særleg når ho er på det inderlegaste, akkompagnert berre av seg sjølv på harpe (biletet).

Ei anna forklåring er sjølv sagt at den irske songen og musikken er så livleg og kvikk.

Av Ola Matti Mathisen